



Halsnøy idrettslag
v/ Arto Lindholm

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Kjersti Leth Lønning	913 30 568	2018/2783-2		21.09.2018

Svar på søknad om graveløyve - 191/276

Løyve vert gitt med heimel i Veglova §32 og §57, og under føresetnad av at Kvinnherad kommune sine retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i og langs offentleg vert fylgde, sjå www.kvinnherad.kommune.no / Plan, bygg og eigedom / Veg og park / Graveløyve og arbeidsvarslingsplanar

Vi vil spesielt nemna desse vilkåra :

1. Graveløyve fell bort dersom omsøkte graving ikkje er gjennomført innan 1 år.
2. Løyve frå kommunen er mellombels. De har plikt til å endre, evt. fjerne det dersom kommunen finn det naudsynt. Ei slik endring / fjerning må de koste sjølv.
3. Innsendt arbeidsvarslingsplan er godkjent.
4. Utførande entreprenør har eit særleg ansvar for at det er gjort tilstrekkeleg undersøking om det er andre anlegg i vegen der det skal gravast.
5. Mogeleg ulempe som vert påført leidnings- eller kabelanlegget i samband med veghaldars vedlikehalds-, reparasjons- eller utbetningsarbeid er veghaldar uvedkommande.
6. For istandsetting av grøft gjeld punkt 1.17 i Retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i kommunal veg. Dårlege massar skal skiftast ut og det skal komprimerast lagvis.
7. Evt. øydelagt asfaltdekke etter gravearbeid skal utbetrast av godkjent asfaltentreprenør. Tjukkuleiken og kvaliteten på asfaltdekket skal minst vera det same som tidlegare dekke. Viser til omtalte retningslinjer og vedlegg 5 for detaljert rettleiing. Det skal leggjast midlertidig dekke oljegrus /asfalt umiddelbart etter arbeidet er ferdig og endeleg dekke skal leggjast innan 3 veker etter fullført arbeid.

8. Asfaltmasse som vert greven opp skal leverast til godkjent asfaltmottak.
9. De skal setje vegområdet i fullgod stand etter arbeidet. Sideterreng skal ordnast i hht. Hb.N101, slik at det ikkje fører til skade ved utforkjøring. Dersom vegarbeidet ikkje vert sett i fullgod stand, eller det vert "setningar" i vegdekket etter gravearbeidet, må de ta arbeid og kostnad med reperasjon av skadane. Søkjar er ansvarleg for vedlikehald til endeleg dekke er lagt og i garantiperioden.
10. Når vegområdet er satt i fullgod stand skal Eining for veg og park kontaktast for synfaring og godkjenning.
11. Etter utført arbeid må det dokumenterast på teikning kva leidningar som er lagt ned og entreprenør skal senda inn innmålingsdata.
12. Skjema for entreprenørens eigenkontroll skal fyllast ut og sendast oss etter at arbeidet er avslutta sjå vedlegg 4 i Retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i kommunal veg.

Vedlegg: kartutsnitt med VA leidningar. Gjer merksam på at leidningane ikkje er innmålt og at traseen derfor ikkje er sikker.

For ordens skuld vil vi gjera merksam på følgjande:

Før gravearbeidet tek til skal entreprenøren undersøka om :

- Vatn og avløp har leidningar i området, ta kontakt med VA-avdelinga for påvisning av leidningar.
- Telenor har kablar i området
- Kvinnherad energi / Fjelberg kraftlag har kablar i området
- Kvinnherad breiband har kablar i området

NB!

De vil bli fakturert med kr 1 581,- for behandling av graveløyve jf. Kvinnherad kommune sitt gebyrregulativ for 2018.

Med helsing

Kjersti Leth Lønning
Saksbehandlar - Veg og Park

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Per Inge Naterstad
Thormodseter Entreprenør AS
Stord Anlegg